



ÅRSPLAN REPPEN BARNEHAGE 2020-2021

Reppen barnehage er ein barnehage med to basar. Det er 67 barn og 18 tilsette. Barnehagen heldt opent måndag til fredag frå 06.45 – 17.00. Det er stengt tre veker sommaren 2021, veke 28, 29 og 30. Me har 6 planleggingsdagar i året, der barnehagen også held stengt. For dette barnehageåret er det 10. og 11.august 2020, 6.november 2020, 4.januar 2021, 5.februar 2021 og 14.mai 2021. I tillegg til dei tilsette har me òg studentar frå høgskulen, praksisplassar frå NAV og elevar frå vidaregåande. Styrar i Reppen Barnehage er Sylvelin Bernes. Spesialpedagog: Line Arnesen Tysse

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Barnehageloven §1. Formål, 1.ledd).

Visjonen vår er:

”TRYGGE, GLADE BARN – LEIK OG LÆRING HAND I HAND”

Heile personalgruppa har vore med å utforme visjonen vår og tankane våre kjem fram i heftet «Visjon og verdigrunnlaget til Reppen bhg». Hovudtrekka: For oss er det grunnleggande at barna er trygge i barnehagen. Skal ein utvikle seg er det viktig at ein er trygg på omgjevnadene. Me vil ha ein barnehage der barna ler, har det

kjekt, smilar og får leike på sine premissar. Leik er grunnleggjande i barn sin utvikling. Det er i leiken dei gjer seg erfaringar, meistrar og lærer. Det er i leiken dei trener opp den sosiale kompetansen. Barnehagen skal legge til rette for gode læringssituasjonar gjennom leik og støtte og rettleie barna i leiken.

VIGILO

Barnehagen nyttar ei nettbasert kommunikasjonsløyning. Her vil informasjon om barnet vere samla og barnehagen legg ut vekeplaner og synleggjer det pedagogiske arbeidet. Foreldra kan enkelt ha oversikt over planane, registrere fråvær og sende meldingar til barnehagen.



ÅRSPLAN 2020-2021:

Dette barnehageåret vil barnehagen halde fram med fokus på *språkarbeid*. Me vil òg fokusere på temaet *livsmeistring og helse og berekraftig utvikling*.

SPRÅKARBEID

Barnehagen skal vere med å gje barna eit variert språkmiljø og møte ulike språk, språkformer og dialektar. Det er først og fremst språkstimuleringa i leiken og kvardagsaktivitetane som utviklar språket. *«Leiken skal vere ein arena for utvikling og læring og for sosial og språkleg samhandling.» (RP: 2017:20)*

Dette skal me arbeide med i Reppen innanfor området språkarbeid:

- Nyttar «Språkløyper» for å heve kompetansen i personalgruppa.
- Språk- og leseaktivitetar
- Brukar språket aktivt i leik og samlingar, sett ord på konkretar og brukar ulike

omgrep som er naturleg i leiken. Me brukar det visuelle som støtte til språket.

LIVSMESTRING OG HELSE

Barnehagen skal ha ei helsefremjande og førebyggjande funksjon og den skal bidra til å utjamne sosiale forskjellar og førebyggje krenkingar og mobbing. Barn skal oppleve trivsel, meistring og livsglede. Gjennom å få støtte frå nære vaksenrelasjonar og få oppleve medverknad, skaparglede, vennskap og fellesskap utviklar barn grunnleggjande kunnskapar og ferdigheter om seg sjølv og omverda. Barna må få erfaringar med å prøva og feila og å kjenna på korleis det er å meistra medgang og motgang i ulike situasjonar i kvardagen. Gjennom ulike erfaringar barna får i barnehagekvardagen opparbeider barna ein oppfatning av seg sjølv, andre, og verda rundt seg.

«Barnehagen skal vere ein trygg og utfordrande stad der barna kan prøve ut ulike sider ved samspel, fellesskap og vennskap. Barna skal få støtte til å meistre motgang, handtere utfordringar og bli kjende med eigne og andre sine kjensler» (RP 2017:11).

I Reppen barnehage står leiken sentralt i arbeidet med livsmeistring og utvikling av sosial kompetanse. Gjennom leiken utviklar barn leikekompetanse, sosial kompetanse og kjensleregulering. Dei møter medgang og motgang, oppleve tilhøyring og meistring.

Barn og seksualitet

I barnehagen skal barna få tilpassa kunnskap om kropp, seksualitet og grenser. Dette er viktige føresetnadar for at barn utviklar meistringskompetanse for eigen helse og helsefremmande livsstil.

«Barnehagen skal bidra til at barna blir kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine eigne og andre sine grenser» (RP2017:49).

Det er viktig at nære omsorgsrelasjonar i barnehagen og i heimen er bevisste på å møte barna med kunnskap, respekt og toleranse om temaet. Vaksne skal svare barna konkret når dei har spørsmål og undringar om kropp og seksualitet. Samtalar med barna er eit viktig ledd i førebygginga av overgrep. Barn som kan namn på kjønnsorgan, har kunnskap om kroppens utvikling, om seksualitet og om gode og vonde berøringar er meir rusta til og fortelja, om dei har blitt utsett for seksuelle overgrep. I Reppen barnehage skal me gi barna tilpassa kunnskap om kroppen, seksualitet, kjensler og om gode og vonde berøringar. Foreldre vil i forkant få god informasjon om kva tema me skal ta opp og korleis me gjer dette. Me vil blant anna: Ha samlingar om kropp, seksualitet og kjensler. Sette namn på kroppsdelar, undre oss over likheiter og ulikheiter. Me vil snakke om korleis kroppen utviklar seg og om ulike kjensler me vil oppleve. Me vil gje barna kunnskap om å setje grenser for seg sjølv, gode/vonde-lovlege/ulovlege berøringar, gode og vonde hemmelegheiter.

Omsorgssvikt, vald og overgrep

Alle barn har rett til å få alderstilpassa informasjon om vald og seksuelle overgrep. Barnehagar har eit ansvar for å bidra til at alle barn får denne opplæringa, og for å førebyggje og avdekke vald mot barn. Me i Reppen vil i år arbeide med kompetanseheving av personalet i korleis ein kan førebyggje omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep. Me vil og saman med dei eldste barna ha samlingar der ein tar opp tema. Dette vil skje saman med ein trygg vaksen. Foreldre vil i forkant få god

informasjon om kva tema me skal ta opp og korleis me gjer dette.

Dette skal me arbeide med i Reppen

innanfor området livsmeistring og helse:

-Bruke barnehagekvardagen til å gje barna gode meistringsopplevingar.

-Gje barna kunnskap om kropp og seksualitet.

-Gje personalet kompetanse i korleis ein forebyggjer omsorgssvikt, vald og seksuelle overgrep.

BEREKRAFTIG UTVIKLING

Osterøy kommune har starta eit berekraftprosjekt med slagordet: **Alle vil bu på Osterøy.** «*Me reduserer avtrykket vårt i verda samtidig som me aukar livskvaliteten*». Dette prosjektet skal barnehagane i Osterøy vere ein del av. Korleis og i kva grad vil me komme tilbake til. I rammeplanen s. 10 står det: «*Berekraftig utvikling omfattar natur, økonomi og sosiale forhold og er ein føresetnad for å ta vare på livet på jorda slik vi kjenner det. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdier, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn.*»

Dette skal me arbeide med i Reppen

innanfor området berekraftig utvikling:

-Kjeldesortere papir, plast, glass og metall.

-Faste dagar med utegruppe der barna får gode erfaringar med naturen og nærmiljøet uansett vår og årstid.

-Redusere bruken av eingangsartikler.

-Ta i bruk Bokashi-bøtter

-Plukke boss i nærmiljøet.

-Lage insektshotell

-Tenke gjenbruk i ulike formingsaktivitetar

SAMLINGSSTUND

Samlingsstund er ein naturleg del av norsk barnehagekultur og av barnehagen sin kvardag. Ei samlingsstund er ein planlagt og tilrettelagt stund der ein i fellesskap har fokus på ulike tema. Kvar gruppe skal ha ein planlagt og tilrettelagt samling i veka med særleg fokus på å fremje barna sin språklege og sosiale utvikling.

JUNGELEN

Jungelen er basen til dei minste barna, 1-3 år. Der har me i år 21 barn. Barna er delt inn i papegøyar (2018-barna) og apekattar (2019-barna). Me har ulike aktivitetar både i gruppene og på tvers av gruppene.

Personalet på Jungelen:

Line Arnesen Tysse (Baseleiar og spesialpedagog)

Veronika Håland (Pedagogisk leiar)

Elin Tinbod (Pedagogisk leiar)

Mabel Jacobsen (Pedagogisk leiar)

Monica Bakken (Fagarbeidar)

Catrine Solberg (Fagarbeidar)

Berit Hjelmås Fossbakken (Pedagogisk medarbeidar)

Anita Utvær (Fagarbeidar)

Ingunn Gjerstad (Pedagogisk medarbeidar)



DAGSRYTMEN PÅ JUNGELEN

06.45: Barnehagen opnar, frileik fram til 8.30

07.15 – 8.15: Frukost

08.30 – 11.00: Me deler oss i grupper, går ut på leikeplassen, går på tur eller har aktivitet inne.

10.30 – 11.00: Bleieskift og samlingsstund.

11.00 – 11.45: Lunsj

11.30: Sovestund, frileik inne eller ute

14.00: Fukt og knekkebrød/skiver

17.00: Barnehagen stengjer.

SUMPEN



Sumpen er basen til dei største barna, 3-6 år. På Sumpen er me i år 46 barn. Barna er delt inn i tre ulike gruppe, krokodillar (2017-barna), tigrar (2016-barna) og elefantar (2015-barna). Me vil ha aktivitetar både i gruppene og på tvers av gruppene.

Personalet på Sumpen:



Linda Daltveit (Baseleiar)
Hildegunn Medgard (Pedagogisk leiar)
Caroline Knutsen (Pedagogisk leiar)
Elin Bognøy (Pedagogisk leiar)
Janne Daltveit Tveit (Fagarbeidar)
Sharmila Nithoer Hustrulid (Fagarbeidar)
Solfrid Mæhle (Fagarbeidar)
Anita Utvær (Fagarbeidar)
Lenka Koldova (Pedagogisk medarbeidar)

DAGSRYTMEN PÅ SUMPEN



06.45: Barnehagen opnar.
07.15 – 08.30: Frukost.
07.15 – 09.30: Frileik inne.
Ca. 9.30: Morgonmøte/Gruppeinndeling
09.45-11.00: Temaarbeid og samlingsstund i grupper.
11.00 – 11.45: Lunsj.
11.45: Frileik ute.
14.00: Frukt og knekkebrød.
14.30-17.00: Frileik inne eller ute.
17.00: Barnehagen stengjer.

TRADISJONAR I REPPEN

Forut-kafè
Haustsuppe for besteforeldra til tigrergruppa
Lommelyktfrukost for Sumpen
Luciafeiring
Nissefest
Luciatog
Karneval
Barnehagedagen



Påskefrukost

Går med eigen fane i 17.mai toget på Valestrand (foreldreregi)
Båttur for Krokodillane
Overnatting i barnehagen for elefantane, avslutning for skulegruppa.
Grillfest i regi av foreldra



TEMAPLAN 2020-2021

Me har ein felles temaplan for heile barnehagen der det er fleire forslag til aktivitetar. Korleis ein arbeidar med tema vil variere frå gruppe til gruppe, avhengig av alder og modning. Temaplanen vil vere eit utgangspunkt for det pedagogiske arbeidet i barnehagen. Aktivitetar og planar kan bli endra for å gje rom for barna sine egne innspel og idear. På vekeplanen i Vigilo vil det komme meir informasjon om korleis kvar enkelt gruppe jobbar med tema og rapportar om kva me har jobba med.

Me vil ha nokre songar som me vil bruke gjennom heile året. Desse er: *Jungeltur*, *Mariehønen Evig glad* og *Det e godt å ha någen*.

AUGUST- Meg og familien min.

Mål:

- Barna skal bli trygg i barnehagen og trygg på å uttrykke egne følelsar.
- Barna skal bli kjent med at familier er ulike. (Form, språk, tradisjonar/kultur)
- Barna skal bli ein del av eit fellesskap og skape vennskap.

Aktivitetar:

-”Skattekart” der ein har oppgåver inne på romma. Me har ei vandring med barna

gjennom basen, bli kjent med kva romma heiter, sjå på skilta på dørene og bli kjent med kva som er på romma.

-Lese bøker og samtale om følelsar, likheiter, ulikheiter og vennskap.

-Høyre eventyr/songar på dei ulike språka som er representert i barnehagen/på gruppa.

-Lage «familiehus»

Songar:

- Jeg blir så glad når jeg ser deg.
- Vennesanger
- Det er godt å ha någon

Bøker/materiell:

- Kanin og pinnsvin
- Kjenslebøker av Anna Fiske
- Familiemyldreboka

Korleis må personalet jobbe for å nå måla:

-Personalet må vere sensitiv og anerkjennande i møte med barna og bruke ord og omgrep frå barnehagekvardagen og barnehagen.

-Personalet må samtale, lese om og henge opp bilete av ulike familiar. Dette opnar opp for undring og refleksjon rundt kva ein familie er og kven den består av.

-Personalet må samtale om vennskap og legge til rette for samspel og leik mellom barna. Støtte barna sitt initiativ og rettleie i leik.

-Anerkjenne og synleggjere alle barna sin kultur og språk.

Ting å hugse på/tradisjonar:

Planleggingsdag 10. og 11. august.

SEPTEMBER- Redningstjenester og trafikk

Mål:

-Barna skal få oppleve meistring ved å delta på opplæring i førstehjelp.

-Barna skal bli kjent med trafikkreglar og trafikklys.

-Barna skal gjere seg kjent med omgrepa på ulike redningstenester og trafikkuttrykk.

-Barna skal få opplæring i kva me gjer dersom brannalarmen går.

Aktivitetar:

-Gå tur/ha sykkeldag.

-Lage bilbane med trafikkskilt på basane.

-Bruke dei ulike romma på basen til å lage legekantor, brannstasjon og politistasjon.

-Lese bøker og syngje songar.

-Bilete, tekst og film.

-Bruke sansane i trafikken (syn,hørsel, ord (høgre-venstre).

-Lage brannbilar, politibilar, sjukebilar av t.d. melkekartongar.

-Brannøvelse.

-Besøk av ulike redningstjenestar.

Songar:

- Tarkus
- Bjørnis
- Bæ-bu songen

Bøker/materiell:

- Tarkus
- Bjørnis
- Pelle Politibil

Korleis må personalet jobbe for å nå måla:

-Personalet må vere anerkjennande og lyttande i møte med barna og deira tankar omkring dei ulike redningstenesta.

-Personalet skal bruke Henry i opplæringa med barna om førstehjelp, Tarkus/Lyset i trafikkopplæring og Bjørnis i brannvernarbeidet.

- Personalet skal gje kunnskap om trafikkskilt og regler i trafikken.
- Personalet må bruke ord og begrep innanfor dei ulike redningstjenestane, trafikk og førstehjelp.

Ting å hugse på/tradisjonar:

- Foreldremøte
- Fotograf Sumpen
- Veke 38. Brannvernveke med Bjørnis
- Dugnad

OKTOBER - Forut



Mål:

- Få kjennskap og innsikt i korleis barn lever andre plassar i verda.
- Få kjennskap og innsikt i viktighetene av å ta vare på tinga ein har.
- Bli kjent med Nanah og livet i Sierra Leone
- Skape gode verdiar og haldningar for ulikheiter og menneskeverd

Aktivitetar:

- Lage fotball.
- Lage instrument
- Vise film om korleis Nanah og familien hennar bur og lever.
- Leike med ord og uttrykk frå Sierra Leone. F. Eks: «hei/hade»

Songar:

- Musikkmateriale frå Forut
- Jorden snurrer rundt og rundt.

Bøker/materiell:

- Verdens atlas
- Bøker om barn i andre land
- Historier frå Forut

- www.forut.no

Korleis må personalet arbeide for å nå måla:

- Lage mat frå Sierra Leone med fokus på kor maten kjem frå
- Ha fokus på gjenbruk. Lage fotball og instrument av materialet me har i barnehagen eller barna tar med heime frå.
- Gi barna kjennskap og innsikt i at ein kan fikse ting ein har som er øydelagde. Ikkje berre bruk og kast.
- Gi barna kjensle av eigenverdi, og førebygga krenkelsar og mobbing ved å ta i bruk spegling, rollespel og dokketeater
- Sjå film og lese forteljingar om Nanah og livet i Sierra Leone
- Samtale om korleis det er å leve der Nanah bur og korleis me lev her i Noreg. Få fram kva som er likt/ulikt
- Formidle tekst og forteljingar på ulike språk ved bruk av digitale verktøy

Ting å hugse på/tradisjonar:

- Forutkafè 23.oktober kl.14.30-16.15

NOVEMBER OG DESEMBER-

«Du grønne, glitrende»

Mål:

- Få erfaringar med å gi omsorg og ta vare på omgivnadene og naturen.
- Få kjennskap til gjenbruk og kva det står for.
- Bli kjent med julehøgtid og ulike juletradisjonar med fokus på fellesskap og trivsel.
- Få kjennskap til sunne helsevaner.



Aktivitetar :

- Lage adventskalender.
- Lage julemåltid saman med barna.
- Lage julepynt av gjenbruks-materiale og anna tilgjengelig materiale i barnehagen

- Gå på jakt i naturen etter noko me kan bruke til å lage julepynt.
- Bake julekaker.
- Lage julerebus.
- La barna få være med å reparere leiker, og lære å ta vare på leikene.

Songar

- Du grønne glittrende
- Svart senker natten seg
- O'jul med din glede

Bøker/materiell:

- Alf Prøysens jul
- Vinter vrimleboka
- Vinter og jul med Karsten og Petra.

Korleis må personalet jobbe for å nå måla:

- Samtale med barna om jul og ulike tradisjonar ved å lese bøker, fortelje og la barna komme med innspel og erfaringar.
- Lære om andre kulturar og kjenne på eigenverdi i forhold til eigen kultur og heimlandet.
- La barna fortelje om sine tradisjonar.
- Dei vaksne skal støtte barnas aktivitet, engasjement og deltaking i fellesskap ved å vise interessa, stille spørsmål og oppmuntre.
- Prosjektuke 45-46 innanfor tema kropp, følelsar, seksualitet og grenser.

Ting å hugse på/tradisjonar:

- 3.november Haustsuppe for tigergruppa
- 6.november- planlegginsdag.
- Lommelyktfrukost (Sumpen)
- Adventsamling kvar dag
- Juleverkstad
- Nissefest
- Lucia-tog

JANUAR – FEBRUAR

«Masken på, skynd deg nå» (til 16.februar)

Mål:

- Få kjennskap til korleis ein kan nytte gjenbruk av kle og anna materiale.
- Få innblikk i samanes kultur og tradisjonar.
- Bli kjent med korleis dei feirar karneval andre stader i verda.

Aktivitetar:

- Lagar masker og pynt til karneval.
- Nytte oss av gjenbruksmateriale til å lage egne kostymer.
- Undre oss saman med barna om kvifor me feirar karneval og la barna komme med innspel, erfaringar og idear.
- Hentar inn materiale frå naturen som me kan ha nytte av, og skapa noko nytt.
- Ser på sambadans og dansar til karnevals musikk, inne og ute.
- Lagar synlege plakatar på basen om samanes kultur og levemåte.
- Lassokasting og lage samisk mat

Songar:

- Masken på, skynd deg nå
- Til karneval eg drar av sted
- Byen er malt rød
- Joik

Bøker/materiell:

- Karneval. Eg vil lese. Løvungen.
- Tassen på karneval.
- Samer. Eg vil vite. Faktaløve.
- Eventyret om joiken

Korleis må personalet jobbe for å nå måla:

- Personalet må synleggjere språkleg og kulturelt mangfald, støtte barna sine ulike kulturelle uttrykk.

-Gi barna tid og anledning til å stille spørsmål, reflektere og lage egne forklaringar på problemstillingar, og til å delta i samtalar om det dei har erfart og høyrd.

-Legge til rette for mangfaldige naturopplevingar og nytta naturen som ein arena for leik, undring og læring.
-Bruker ulike teknikkar, materialar, verktøy og teknologi for å uttrykke seg estetisk.
-Motiverer barna til å uttrykke seg gjennom ulike språkformer, musikk og dans.

Ting å hugse på/tradisjonar:

- 4.januar- planleggingsdag.
- 5.februar- planleggingsdag.
- Veke 5. prosjektveke samane sin dag.
- Veke 6: Karneval
- Fotograf Jungelen

FEBRUAR-MARS

«Barnehagedagen» og påske

Det er Utdanningsforbundet, Fagforbundet og Foreldreutvalget for barnehager (FUB) som står bak Barnehagedagen og sett tema for dagen. Tema for dagen er ikkje klart før ferdigstillinga av årsplanen. Plan for arbeidet med tema ift Barnehagedagen vil komme i vekeplan på Vigilo.

Mål:

-Få kjennskap til påskebodskapen i den kristne trua og korleis andre religionar feirar påske.
-Få kjennskap til tradisjonsmat ifb påska



Aktivitetar:

-Rollespel/dramatisering/handdukketeater av påskebodskapen
-Bruk av flanellograf og konkretar til formidling
-Lage påskepynt

-Forberede sunt og godt påskemåltid saman med barna

Korleis kan personalet arbeide med å nå måla:

-Personalet formidle påskebodskapen frå ulike religionar, livssyn og kulturar som er representert i barnehagen.
-Personalet må invitere barna til å delta i ulike typar samtalar der barna får fortelje, undre seg, reflektere og stille spørsmål.

Songar:

- En liten kylling i egget lå
- Morgendagens søsken
- Lille Hase Hare
- Pip, pip sa de søte små

Bøker/materiell:

- Påskeboka
- God påske- en bok om påsken før og nå.

Ting å hugse på/tradisjonar:

- 24.mars: Påskefrukost 8.00-9.30 for føresette og søsken

APRIL: Prosjektmanad

Kvar gruppe vil ha sitt eige prosjekt. Kva prosjektet vert vil komme fram i Vigilo.

Mål:

-Barna skal få erfaring med å få innflytelse på det som skjer i barnehagen.
-Barna skal få erfaring med planlegging av aktivitetar og samarbeid.

Korleis må personalet jobbe for å oppnå måla?

-Personalet skal legge til rette for og oppmuntre barna til å uttrykke sitt syn og sine meiningar.

MAI PROSJEKT: 17. Mai

Mål:

- Barna få kjennskap til kvifor me feirar 17.mai.
- Blir kjend med formar og fargar i det norske flagg, og bli kjend med kva fargane tyder for Noreg.
- Oppleve glede over eigen kulturelle tilhøyrse.

Aktivitetar:

- Lage flagg av ulike materialar, og samtale om kva fargane betyr for Noreg.
- La barna klippe ut ulike formar og lime det saman til eit flagg, bruk gjere ulike fargar for å skape sitt eige flagg.
- Få kjennskap til ordet hurra, på dei ulike språk som har tilhøyrse i barnehagen.
- La barna planlegge og organisera 17. mai leikar.
- Ta vare på naturen rundt oss, og rydde opp søppel ol. i naturen og nærmiljøet.

Songar:

- Norge i rødt, hvitt og blått
- Ja, vi elsker
- Tenk at nå er dagen her
- Til Dovre faller
-

Bøker/materiell:

- 17. mai, eg vil vite – faktaløve
- Hipp hurra! En bok om 17. mai
- Oppgåve ark om 17. mai
- Historien om 17. mai
- Salaby.no – 17. mai
- Nrk.super.no – til dovre faller

Korleis må personalet jobba for å nå måla:

- Bruke konkretar for å visualisere og auka forståinga til barna om 17.maifeiringa.

-“Barnehagen skal fremje demokrati og vere eit inkluderande fellesskap der alle får høve til å ytre seg, bli høyrd og delta.“ (RP: 2017:8)

Ting å hugse på:

- 14.mai planleggingsdag
- 17.mai: Reppen går med eigen fane i 17.mai toget på Valestrand (I regi av foreldra)

MAI, JUNI, JULI -Friluftsliv, natur og miljø

Mål:

- La barna få erfaring på korleis me kan påverke naturen rundt oss.
- La barna få bidra til oppgåveløysing i samarbeid, og utvikle evner til problemløysing.
- Oppleve trivsel, glede og meistring ved allsidige rørsleerfaringar, inne og ute, året rundt.
- Få kjennskap til og lære namna på blomster, dyr og insekt som ein kan finne i nærområdet og bli kjend med nytteverdien av desse.



Aktivitetar:

- Hinderløype inne eller ute
- Lage insekthotell, av ulikt gjenbruksmateriell.
- Lage meitemark kasse, sjå og drøfte saman kva meitemarken gjer med jorda vår.
- Lage insektfelle, gå på småkrypsafari. La barna få undre seg over insekta si rolle på jorda, så finn me svaret saman.
- Bruke nærmiljøet rundt barnehagen;
- Handle på dei lokale butikkane.
- Gå turar i nærmiljøet
- Ta ferja/buss
- Bruke ulikt material for å forme og skape blommar, insekt og dyr

-Så ulike urter, som barna kan smake på, og bruke vidare i matlaginga i barnehagen,
-Finne ulike vekstar i naturen, som kan brukast i mat og drikke.

Songar:

- Kom mai du skjønne milde
- M-Æ sa en liten grønn frosk
- Hode, skulder, kne og tå

Bøker/materiell:

- Marihønas bok om blomster og bær
- Barnas bok om småkryp

Korleis må personalet jobbe for å nå måla:

-Personalet skal leggje til rette for aktivitetar der barna både kan få oppleva meistring og bli utfordra.
-Ha ulikt utforskningsutstyr tilgjengeleg for barna (insektboks, forstøringsapparat, faktabøker, flora ol.).
-Gjera barna kjent med namn og omgrep på plantar, vekstar og insekt.

Ting å hugse på/tradisjonar:

- Båttur for krokodillene
- Grillfest (I regi av foreldre)
- Overnatting for elefantane

FAGOMRÅDA

Det er sju fagområde ein skal arbeide ut i frå. Desse dekkjer eit vidt læringsfelt og opptre sjeldan isolert i barnehagen. I samband med leik, turar, prosjektarbeid og kvardagsaktivitetar er oftast fleire av fagområda representerte. Arbeidet med fagområda skal tilpassast barna i høve til alder, modning og utviklingsnivå. Barnehagen skal ta omsyn til barna sine interesser, ferdigheiter og kunnskapar i arbeidet med dei ulike fagområda.

Kommunikasjon, språk og tekst

Gjennom arbeide med dette fagområdet skal barnehagen bidra til at barna får utforske og utvikle sin språkforståing, språkkompetanse og eit mangfald av kommunikasjonsformer. I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialekt gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå samtid og fortid. Barnehagen skal bidra til at barna leiker med språk, symbol og tekst og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling (RP 2017).

Korleis barnehagen jobbar med fagområdet:

-Les, syng og dramatiserer.
-Me gir oss tid til å lytte til det barna fortel og er observante både på den verbale og non-verbale kommunikasjonen deira.
-Språket blir brukt aktivt med eit variert ordforråd.
-Tekst, bokstavar og tal heng på veggane og papir, skrivesaker, bøker og spel er lett tilgjengelege.

Kropp, rørsle, mat og helse

Barnehagen skal leggje til rette for at alle barn kan oppleve rørsleglede, matglede og matkultur, mentalt og sosialt velvære og fysisk og psykisk helse. Barna skal verte inkludert i aktivitetar der dei kan få vere i rørsle, leik og sosial samhandling og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnadar (RP 2017).

Korleis barnehagen jobbar med fagområdet:

-Dagsrytmen gir variasjon mellom måltid, aktivitet og kvile.
-Legg til rette for både fin- og grovmotoriske aktivitetar inne og ute.
-Går på turar i nærmiljøet gjennom heile året og i all slags vêr.

-Gir barna gode vanar i høve til mat, handvask og hygiene.

Kunst, kultur og kreativitet

I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna anledning til utforsking, fordjuping og progresjon. Barna skal støttast i å vere aktive og skapa eigne kunstnariske og kulturelle uttrykk. (RP 2017)

Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Me legg til rette for at barna kan nytte ulike formingsmateriale.
- Me viser respekt for barna sine uttrykksformer og oppmuntrar dei til å utfalde seg.
- Leikar og materialet som stimulera til kreativ utfolding er tilgjengeleg for barna.
- Høyrer på musikk og dansar.

Natur, miljø og teknologi

Opplevingar og erfaringar i naturen kan fremme forståinga for naturen sin eigenart og barnas vilje til å verne om naturressursane, bevare biologisk mangfald og bidra til berekraftig utvikling. Barnehagen skal legge til rette for at barna kan få eit mangfald av naturopplevingar og få oppleve tilhørsle til naturen (RP 2017).

Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Me nyttar skogsområdene i nærleiken til å gå turar og me er ute kvar dag uansett vær.
- Me undrar oss saman med barna over ting som skjer i naturen.
- Barna får erfaring med ulike tekniske apparat og reiskap.
- Barna får kjennskap til kjeldesortering og miljøvern.

Etikk, religion og filosofi

Etikk, religion og filosofi er med på å forme måten me oppfattar verda og menneske på, og pregar verdiar og haldningar. Barnehagen skal skape interesse for samfunnets mangfold og forståelse for andre menneskers livsverden og levesett. (RP 2017)

Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Ser på ulikskapar hos kvarandre som noko positivt
- Lærar barna å respektere at me er ulike.
- Oppmodar barna til å lytte og høyre på kvarandre.
- Me markerer ulike høgtider som er representert i barnegruppa
- Me undrar oss saman med barna om fenomen me ikkje heilt kan forklare.

Nærmiljø og samfunn

Barn si medverknad i barnehagen legg grunnlaget for vidare innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn. Gjennom utforsking, oppleving og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjent med eiga nærmiljø, samfunnet og verda. Gjennom leik og varierte aktivitetar skal barna få erfaring med å lytte, forhandle og diskutere og få byrjande kjennskap til menneskerettighetane. (RP 2017)

Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Brukar nærmiljøet til å gå tur.
- Samtalar med barna
- Lar barna få ta del i avgjersler som påverkar deira dag i barnehagen.

Tal, rom og form

Fagområdet handlar om å oppdaga, utforska og skapa struktur. Barnehagen skal synleggjere samanhengar og legge til rette for at barna kan utforske og oppdage

matematikk i daglegliv, i teknologi, natur, kunst og kultur og ved seg sjølv å vere kreative og skapande. Arbeid med fagområdet skal stimulere barna sin undring, nysgjerrigheit og motivasjon for problemløysing (RP 2017)

Korleis jobbar barnehagen med fagområdet:

- Me støttar og byggjer vidare på barns nysgjerrigheit og interesse for tal, rom og form.
- Barna får erfaring med tid gjennom dagsrytmen i barnehagen.
- Har tilgjengeleg ulike typar spel som tar for seg formar, tal ol.

BARN SIN MEDVERKNAD

«Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få muligheten til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet» (Barnehageloven §3).

Personalet må lytte til barna og vere opne for uttrykksmåtene deira. Dei må møte dei på ein anerkjennande måte og oppmuntre dei til å gje uttrykk for tankar og meiningar. Personalet må vere fleksible og lydhøyr for barn sine interesser og lytte til barna og deira ønskje. Dei vaksne må fanga opp dei signala barna sender ut, både munnlege og kroppslege, og gjere seg nytte av dette i arbeid med barna. Barns medverknad er viktig for å sikre kvalitet i barnehagen. Når barn får vere med å bestemme noko, får dei erfare at det dei seier betyr noko, og dei ser at dei har innverknad på eigen kvardag. Dette gir sjølvtrillit og gode erfaringar med å ta avgjersler og sjå konsekvensar av dei vala dei tar. Gjeno

m kvardagslege aktivitetar og leik observerer og samtaler personalet med barna for å fange opp deira interesser og deira ønskjer. I barnehagen brukar me dette til å forme innhaldet for prosjektveke og for årsplanen.

SAMARBEID MELLOM HEIM OG BARNEHAGE

Barnehagen sitt mål for foreldresamarbeidet er å skape eit ope og tillitsfullt høve mellom barnehage og heim. Barnehagen må respektere foreldra

sine ønskje og ta omsyn til dei i tilrettelegginga av barnehagekvardagen.

”Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg.» (RP 2017: 29). Kontakten mellom barnehage og foreldre går føre seg fyrst og fremst i dei daglege bringe- og hentesituasjonane. Her kan ein utveksle naudsynt informasjon om barnet og snakke om korleis barnet har hatt det i barnehagen. To gongar i året får føresette tilbod om foreldresamtale.

Me ønskjer at foreldra skal kjenne at dei er med på å forme innhaldet i barnehagen. Gjennom møta og undersøkinga får foreldra høve til å påverke arbeidet i barnehagen.

FORELDRERÅDET OG SAMARBEIDSUTVAL

Lov om Barnehagar. § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval

”For å sikra samarbeid med barnas heim, skal hver barnehage ha et foreldreråd og et samarbeidsutvalg.” I Reppen er alle foreldra ein del av foreldrerådet.

Foreldra vel 5 representantar- leiar, nestleiar og 3 vara- fortrinnsvis ein frå kvar gruppe. Leiar og nestleiar er foreldra sine representantar i samarbeidsutvalet i Reppen

barnehage. Ein vert valt for to år om gongen. Samarbeidsutvalet, SU, består av føresette, tilsette i barnehagen og barnehagen sin eigar. Me har to faste møter i året i samarbeidsutvalet, eit om hausten og eit om våren.

OVERGANGER

OVERGANG FRÅ JUNGELEN TIL SUMPEN.

Det året barnet fyller 3 år, vert det flytta frå Jungelen til Sumpen. I mai får dei eit brev med plan for overgangen. I løpet av mai og juni vil dei besøke Sumpen og gjere seg kjent med kvar dagsaktivitetane og dagsrytmen der. Det er alltid ein vaksen med frå Jungelen når barna besøker Sumpen. Siste dagen barnet har på Jungelen før sommaren får barnet bera korga si med byteklede inn på Sumpen.

SKULEGRUPPA

I barnehagen jobbar me for at barna som skal byrjar på skulen er best mogleg førebudd på korleis det er på skulen. For dei eldste barna i barnehagen, Elefantane, har me Skulegruppe ein gong i veka. Skulegruppa er eit av tiltaka me har i barnehagen for å førebu barna på overgangen.

Tema i skulegruppa er:

- Vere ein god ven, sosiale ferdigheiter
- Sjølvtende og ansvar: Kle på seg sjølv, gå på do åleine, huske å vaske hender, halde orden i eigne ting.
- Vente på tur, både i leik, spel og samtale.
- Konsentrasjon
- Lytte ut bokstavlydar, rim/reglar, korte/lange ord, klappe stavingar
- Telle, geometriske formar, sortere, samanlikne, lengde/mengde
- Preposisjonar, overomgrep, klippe, fargane, blyantgrep

- Omgrep, språk og formuleringsevne
- Få ansvar
- Skrive namnet sitt

I mai-juni arrangerer me overnatting i barnehagen for barna som skal byrje på skulen. Då kosar me oss med mat, snop, leik og dvd. Om morgonen får foreldre og søsken komme på frukost. Dette vil vere avslutninga for skulegruppa. Då får dei utlevert permene sine, diplom for lang og tru teneste og ei lita overrasking.

OVERGANG BARNEHAGE-SKULE

Barnehagen skal i samarbeid med skulen og foreldra leggje til rette for at overgangen frå barnehagen til skulen vert best mogleg for barna. På våren byrjar for alvor førebuinga til skulestart. I februar er det innskriving på skulane og i løpet av våren er det fleire møter mellom skule og skulestartarane. Barnehagen besøker skulen og skuleplassen på Valestrand. Skulegruppa blir og invitert til å sjå på morgonsamling på Valestrand skule i løpet av våren. Skulestartarane blir invitert til treff på skulene dei skal starte på. Då treff ein dei andre elevane som går på skulen og får eit lite innblikk i skulekvardagen. Barna vil få tildelt fadrar som dei møter desse dagane og fadrane kjem på besøk i barnehagen. I løpet av mai-juni vil og klassekontakten til barna komme på besøk i barnehagen. Skulane arrangerer førskuledagar i juni der foreldra følgjer barna. På desse dagane får barna høve til å verte betre kjent med lærarane og dei andre barna dei skal gå i klasse med. Skulen får og eit skriv i frå barnehagen der det står litt om kva me har jobba med det siste året i barnehagen.

PROGRESJONSPLAN BARN OG
SEKSUALITET

1-2 åringer	2-3 åringer
<p>Får erfaringer med språk og begreper om kroppen Kjennskap til egen tilhørighet og nær familie Får erfaringer med andres grenser Får erfaringer med å si/vise stopp Gi barna ord på kjensler og anerkjenne barna for sine egne kjensler og uttrykk</p>	<p>Utvikler språk og begreper om kroppen Får kunnskap om kroppens funksjoner og likheter/ulikheter i forhold til kjønn og alder Får erfaring med å sette grenser og respekterer andres grenser Kan sette ord på følelser Får erfaring med å trøste og hjelpe andre barn og si ifra til voksne når det trenger hjelp Blir anerkjent når de har et behov for hjelp</p>

3-4 åringer	4-6 åringer
<p>Er trygg på egen kropp og identitet Få kjennskap til ulike familiesamansetningar Vise respekt for andre sin kropp og grenser Ha grenser for sin egen og andre sin kropp og grenser Kan setja ord på sine egne kjensler Får medvit om gode, vonde og ulovlege berøringar. Får støtta i og setja ord på andre sine kjensler og ha ein god sjølvregulering på egne kjensler Trøystar og hjelper andre barn. Kan gi beskjed til voksne når dei treng hjelp og når andre barn treng hjelp. Ein byrjande kjennskap til begreipet løyndom. Få kjennskap til korleis blir babyer til.</p>	<p>Setter grenser for seg sjølv, seier stopp og seier ifrå til voksne. Blir medviten til gode og vonde løyndomar, gode, vonde og ulovlege berøringar. Gi barna kunnskap om krenkelser, vald og overgrep Setja ord på egne og andre sine kjensler Har tru på seg sjølv og har god sjølvkjensle. Kan snakka og fortelja voksne om vanskelege ting.</p>